

Med djup sorg og vemod har eg motteke meldinga om Gustav Bergstø sin tragiske bortgang. Det er ikkje mange gitt å bli ein legende i levande livet. Gustaven hadde vore det lenge. Tallause er historiene og forteljingane om ideane, prosjekta og tiltaka hans.

Som ein hamsunsk Isak Sellanrå rydda han seg plass i Gullvikjo på 1950-talet og sette opp bustad og verkstad for å byggja båtar i aluminium. Han var mellom dei fyrste i landet som kunne denne kunsten og var rekna for å vera ein toppeksper.

Både den gongen og i alle år seinare, fekk born og ungdom som var så heldige å koma i kontakt med han, opplevingar, inntrykk og påverknad som dei aldri gløymer. Den urikkande trua hans på kor viktig det er å læra dei unge å bruka nevane, og å sjå kva dei kan makta å få til, og kva glede og arbeidslyst dette gjev, reknar eg for det største og viktigaste prosjektet i Gustaven sitt mangslungne liv. For lokalsamfunnet var dette både ungdomsarbeid og verdiskaping som kanskje ikkje vart sett stor nok pris på.

Gustav Bergstø var ein uvanleg gåverik og oppfinnsam person med ein sterk personlegdom, og ideane hans måtte alltid omsetjast i praksis. Såleis vart han ein av dei store laksepionerane i Noreg og har fått ein fin plass i historia om det som er blitt ein av vaare viktigaste næringsvegar. Han vart "vedakongen" med kongeved. Han bygde "sjøns folkevogn". Han kjempa heile livet for at vi måtte ta betre vare på, og nytta ut, dei store utmarksressursane våre. Han dreiv prosjekt med geiter. Han prøvde først ut sjølv, og gjekk så rett på topp-politikarane for å vinna gehør for nye former for produksjon av storfekjøtt. Og hans medkjensle og gode hjartelag kom tydeleg til syne i hjelpeprosjektet for sveltande born i Russland.

Kvart av desse prosjekta kunne vore verd ein fortjenestemedalje, og snakkar du med folk som kjende Gustaven, får du vita at lista kunne vore fleire gonger så lang.

I lokalpressa har eg nokre gonger sett han omtala som ein fargeklatt. For meg personleg, ligg det ei nedvurdering i dette. Gustaven var noko mykje meir enn som så, og det veit alle som har møtt han. Om han kom medstraums eller motstraums, eller kanskje oftast rett på tvers, var han alltid like sterkt overttydd om den saka han bar fram, og han var villig til å kjempa med full kraft. Både for kommunale byråkratar og vanlege sambygdingar kunne møta vera vanskelege å takla. Kvaliteten i både byråkratiet og bygdesamfunnet vart sett på prøve. Om vi bestod prøven er eg ikkje sikker på.

I fleire lange samtalar heime paa kjøkenet hans no i haust, delte han med meg både gamle minne og nye planar om rusefiske i Myrdalsvatnet, fiskedam ved aldersheimen og prosjekt ved Fureberg og i Austrepollen. Og det i ein alder av 87 år.

Det vert tomt og audsleg å koma tilbake til Korsneset etter dette.

Ein bautastein av ein mann er borte.

Fred over minnet ditt, Gustav.

Gdynia, Polen, 25. februar 2008

Olaf Agnar Gausvik